



**PÅ RAUD GRUNN
EIT SØLV
SJØBLAD**


Våpenet er godkjent ved kgl. res. 29.2.1980, og er teikna av Magnus Hardeland. Kommunen valde sjøbladet dels av dekorative grunnar og dels fordi det veks mykje vassliljer på Bømlo. Trekloveret inne i sjøbladet kan symbolisera dei tre tidlegare kommunane Bremnes, Moster og Bømlo, som i 1963 vart slegne saman til Bømlo kommune. Sjøbladet er eit av dei eldste heraldiske motiva i Norden. Dei er teikna på ulik vis slik at dei òg kan likna eit hjarta eller eit lindeblad.

BØMLO var opphavleg berre namnet på den sørlegaste del av dagens kommune: Bømlo sokn. Prestegjeldet, og frå 1838 kommunen, hadde namn etter prestegarden Finnås. På den tid omfatta Finnås også Sveio, som vart eigen kommune i 1852 og prestegjeld frå 1861. I tida 1916–1962 var Finnås kloyvt i dei tre kommunane Bremnes, Bømlo og Moster. Det vart debatt om namnet på den nye kommunen. Det var mange som ville ha Bømmeløy, men det enda altså med Bømlo. Saman med Stord og nokre gardar i Fitjar høyrde dagens Bømlo til Føyne skipreide fram til 1800-talet. Den nordvestlege delen av Fitjarøyane vart overført til Bømlo frå 1995.

Den eldste Mostrakyrkja er frå 1100-talet: den nye kyrkja på Moster er bygd på Eikeland i 1874. Bremnes kyrkje er bygd i 1869. Bømlo gamle kyrkje på Vorland vart bygd i 1621, ein fin representant for 1600-talets trekyrkjer (Finnås prestegjeld). □

⚔ BØMLO

Bømlo, Bymbel – som er den skrifleige forma vi finn kring 1360, er truleg eit gammalt namn, som dei fleste usamansette naturnamn. Det er opphavleg ei høgdenemning og tyder «noko opphøga», av same opphav som Bamble. Fjellnamnet Siggjo ved Siggjarvågen kan vera språkleg i slekt med å sjå, kanskje det tyder «den synlege». Langt til havs er Siggjo eit landemerke på Vestlands-kysten. Hiskjo er mogeleg i slekt med Hitra og kan tyda «den avskorne». Enklare er Vespestad, av gno. Vestr(i)bólstaðr «vestgarden». Lykling ser ut til å vera ei samanlikning med ein lykel «nøkkel», opphavleg nytta om fjorden der. Nokså omdiskutert er Moster; namnet har vore sett i samband med latin mons «fjell», med mose «mose- og myrlende», og med muge «dunge, hop». Hå i Håvik kan òg tolkast på fleire vis, m.a. som «høg» og «hå (gras)». Rubbestad i Rubbestadneset kan vera samansett av ro «krå» og gno. bólstaðr «bustad». Øklandsvåg inneheld eldre Aukland «auka (nytt) land». Førsteleddet i Foldrøyhamn tyder «den breie», og er i slekt med Vestfold og Folla.



TRESKO OG POTETER.

HERTZBERG-dynastiet i Finnås spela ei sentral rolle i prestemiljøet i Hordaland under «opplysningstida». Tre generasjonar Hertzberg som sokneprestar frå 1744 til 1830 gjorde staden til eit kultursentrum. I 27 år var brørne CHRISTIAN, NILS Og PEDER d.y. samstundes sokneprestar i Finnås, Kinsarvik og Kvinnherad. Som faren var dei alle prostar. PEDER HARBOE d.e. (1728-1802) er den mest kjende «potetpresten» i Noreg. «En Hat fuld» med poteter, som han fekk frå ein kollega, vart til mange på prestegarden i Finnås. Han skreiv bok om potetdyrking og var medlem av «Det Nyttige Selskab» i Bergen. Sonen Nils (1764 – med til-namnet «treskoprest» – dreiv vitenskaplege studiar og skreiv ein artikkelserie i Budstikken 1818-21 om prestegjeldet Kinsarvik (@393, @404).

Moster gamle kyrkje frå 1100-talet.

